

Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



DS Oster på veg inn til Ovågen

Foto: ONT

Les meir om "Herdla-dagen" på siste side.

I dette
nummeret
kan du
m.a. lesa:



Kommunevalet i Øygarden
Side: **5**



Helsing frå Bolivia
Side: **7**



Pilegrimsferd
Side: **9**

SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Vi vil bygge livet vårt på Jesus- Jesusmanifestet-2007?



Det vekte stor oppsikt då den katolske biskopen i Stockholm, Anders Arborelius og forstandar for Filadelfiaförsamlingen Sten-Gunnar Hedin saman skreiv under dokumentet "Jesusmanifestet" i 2003.

Dei innleier m.a. med desse orda:

"Att kyrkor och samfund möts för officiella samtal är i dag inget ovanligt. Men när nu den Katolska kyrkan och Pingströrelsen inleder en teologisk samtalsrunda, ..., är det unikt.

Som katoliker och pingstväänner har vi en historia av ömsesidig misstro. En förändring började ske när den karismatiska förnyelsen för omkring trettio år sedan skapade kontakt mellan kristna i de båda grupperna, som gjort liknande andliga erfarenheter och som också upptäckte att vi står på samma bibliska grund och delar samma tro på Jesus och har samma grundinställning i viktiga etiska frågor.

Vi gläder oss över detta och ser på denna nyupptäckta enhet som en Andens gåva - men också som ett förpliktande oppdrag. Vi måste dela med oss av vår gemensamma tro till alla dem - och de är många i vårt land - som aldrig upptäckt Jesus som sin Frälsare och vän och som aldrig förstått att Gud i honom har uppenbarat sin sanning. Det finns något som är sant i en värld av subjektivt tyckande och tänkande! Jesus själv säger att han är "Vägen, Sanningen och Livet" (Joh 14:6)...."

Slik held dei fram med ei klår vedkjenning om sanninga i Guds Ord og ein levande Frelsar: Jesus Kristus.

Det sterke vitnemålet sluttar slik:

"Därför är det med både stor ödmjukhet och frimodighet som vi vill vittna om att varje enskild människa genom tron och dopet kan lära känna Jesus som sin Frälsare. Han inte bara var - utan han är och förblir - den enda vägen till gemenskap med Gud. Han leder oss till sin och vår Fader i Andens kraft. Vi vill bygga hela vårt liv på honom."

Eg hadde 29.april i år den store glede å få ta del i jubileumshøgtida til den lokale Pinsekyrkjelyden, og fikk bringe dei truande der ei helsing frå medvandrara på himmelvegen i Den norske kyrkja.

Eg gjorde ved dette høvet framlegg om eit lokalt Jesusmanifest. Eg vil no utfordre alle kristne arbeidslag i Øygarden som vil vitne om at Guds Ord talar sant og at Jesus Lever til å stå saman om Jesusmanifestet-2007! Seinare i haust er det min plan å ta kontakt med kvar einskild organisasjon og kyrkjelyd om denne saka.

sokneprest@kyrkja.net

http://www.katolskbokhandel.com/one_news.php?id=24

http://www.svd.se/dynamiskt/Brannpunkt/did_4792125.asp

Sjå om eit liknande tiltak frå 1997: "Grund och Gränser" då Biskop Bertil Gärtner kalla saman til Kyrkjemøte i Linköping.

<http://www.kyrkja.net/gg.htm>



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgevar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør: Odd N. Thormodsæter
Kontingent: Min. kr 100,- pr. år innan kommunen
Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen
Takkeannonsar: kr 100,-
Kontnr.: 3628 07 02557
Layout/trykk: Grafisk Team AS
Distribusjon i Øygarden: Hurtiglevering, Tjeldstø
tlf. 98 66 53 29

Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenesteseneteret, Rong
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 56 38 22 40
Faks: 56 38 22 41
Vakttelefon: 56 38 22 44
E-post: kontor@kyrkja.net

Internettider: kyrkja.net

Ekspedisjonstid: måndag – fredag 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorsekretær: Kari Sandøy Rong
e-post: kontor@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog: Turid Toft Ameyna
e-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 47

Kantor: Anne Lise Grøm
kantor@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 45/91 88 12 08

Sokneprest: Svann Martinsen
e-post: sokneprest@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 44

Kyrkjevevje: Odd N. Thormodsæter
e-post: kyrkjevevje@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 43

Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje: tlf. 56 38 70 22
e-post: blomvag.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. Kåre Kristoffersen
Mobil: 911 05 197
Klokkar: Ole Vik

Hjelme kyrkje: tlf. 56 38 80 30
e-post: hjelme.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. Janesh Ameyna
Mobil 958 23 472

Råda:

Blomvåg sokneråd: Leiar: Olaug Merete Rong
Hjelme sokneråd: Leiar: Atle Dävøy
Øygarden kyrkjelege fellelråd: Leiar: Gustav Landro

Beredskapsordning for Vesthordland prosti tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.



Bjørg Blom:

”Gud har ein plan med ditt liv”

Denne gongen var det eg som skulle få velja min salme eller song. Og det gledde meg! Men valet vart vanskeleg, for eg har så mange songar og salmar eg er glad i. Heilt frå eg var lita, har eg vore glad i å syngja. Songane fekk eg læra på søndagsskolen og i skolen. Eg var så heldig å ha songglade lærarar heile barneskolen oppover. Seinare vart det folkehøgskole, der eg for første gong fekk vera med både i skulekoret og mindre songgrupper. Dette gav meg utruleg mykje glede. Songen skaper både fellesskap og glede! Det kan vera alt frå songar om fedrelandet og naturen vår, til songar som skildrar folkelivet på godt og vondt. Mange av diktarane våre pløgde djupt i folkesjela i diktinga si. Her vert ofte forholdet mellom Skaparen og skaparverket Hans vevd saman på ein naturleg måte. Gud, som er den store og allmektige skapar av universet, jorda og alt som er på den, Han har skapt DEG og meg, kvart einaste menneske i sitt bilete! Er ikkje det fantastisk? Så er me ikkje fødte forgjeves, men Han har ein plan for nettopp DEG og meg ! Ta deg tid å lesa Salme 139 i

*Gud har ein plan med ditt liv.
Han tenkte så kjærlige tankar.
For han har deg inderleg kjær.
Hans hjarta så varmt for deg
bankar.*

*Gud har ein plan med ditt liv.
Han framtid og von vil deg gjeva.
Så lat han få visa deg veg. Då får
du i livsstraumen leva.*

*Gud har ein plan med ditt liv.
Ein plass berre du no kan fylla.
Så lat han få leia deg dit. Hans
signing skal livet ditt gylla.*

*Gud har ein plan med ditt liv.
Eit verk skal for honom du gjera,
Og sidan hans herlegdom sjå, I
æva ein sigerskrans bera.*

Bibelen. Kong David uttrykkjer dette med sterke ord. Ingen er gløymde av Gud! Heller ikkje DU! I v.16 seier David det slik: Då eg

var eit foster, såg dine auge meg, og i di bok vart dei alle oppskrivne dei dagar som vart fastsette då ikkje ein av dei var komen. V.17: Kor viktige dine tankar er for meg, du Gud, kor store summene er av dei!

Og her er det eg kjem til songvalet mitt. Trygve Bjerkreim er forfattar, og Mons L. Takle har laga den nydelege melodien. Songen står i Sangboken nr.315, er nokså ny av år, skrive i 1968.

Ja, Gud tenkte så kjærlege tankar om deg, også når du har det vondt og vanskeleg. Fordi Han elsker deg så høgt, ynskjer Han å koma inn i livet ditt og hjelpa deg, kvar dag. Det er opp til deg om du vil vandra i denne planen Han har for deg. Han kan skapa noko nytt av det som har gått gale. Han vil gjera deg sterk når du er svak, Han vil gje deg framtid og håp! Han er lyset i mørkret.

Hans hjarta så varmt for deg bankar, hugs det!

Til neste nummer er Silvia Haugland utfordra å skrive Min salme

GAMLE BILETE FRÅ ØYGARDEN



Bilete denne gongen er frå Toftøy skule 1963/1964.

Dei som er med på biletet: Magnar Blom, Børge Toft, Roald Vik, Børge Strandheim, Kåre Torsvik, Ottar Toft, John Solsvik, Odd Jarle Vik, Eldbjørg Torsvik, Inger Alise Vik, Grethe Toft, Kirsten Toft, Ingvald Skjelanger (lærer), Randi Sulen, Kjellaug Toft, Ruth Berit Vik, Tor Inge Toft, Ole Magnus Toft, Tore Njøten, Inge Toftevåg, Ole Johan Torsvik, Ole Arne Torsvik, John Njøten, Magnar Solhaug.

Bilete er utlånt frå Berta Toft

Deltakarar på 50års jubileum



Hjelme:

Frank Skjold, Svenn Henning Sæle, Henrik Hellesøy, Ingebjørg Liv Dāvøy, Kari Ingrid Døskeland, Solbjørg Nansy Tornøe, Karina Sigrun Sæle Solvang, Orlaug Pauline Sæle, Wenche Sylta, Eli Margrete Lund



Blomvåg:

John Arne Misje, Harnold Martin Misje, Asbjørn Vik, Ragnar Rolf Dale, Olav Robert Oen, Alf Breivik, Arne Herdlevær, Harald Helge Ness, Arvid Bernhard Solbakk, Laila Turøy Stenevik, Ellen Marie Larsen, Gerd Misje Lund, Oddbjørg Vik, Bjørg Vik Sårheim, Oddfrid Ninni Torsvik Toft, Marit Norun Rong Larsson, Else Marie Dale Hauge, Jenny Oddbjørg Dale Nilsen, Åse Marie Oen Hundvebakke, Bjørg Herdlevær, Norun Johanna Holmedal, Kjellaug Odny Røssland, Irene Olaug Solveig Sørhaug

Sang og musikkurs 2007
9-11 november

♪ Barnekorledelse
♪ Korledelse
♪ Samspill i band
♪ Komplette sangteknikk
♪ Lytteknikk
♪ Musikkjeneste i forsamlingen
♪ Pianist i forsamlingen

Sted: Bibelskolen Bildøy Bergen
5353 Straume

For mer info og påmelding:
www.imf.no
tlf. 54 31 42 40

Arrangement som Hjelme sokneråd inviterer til

Hjelme sokneråd ønskjer å gjera kjent og invitera til følgjande arrangement i Hjelme kyrkje:

1. Bibeltimar v/Per Fimreite **tysdagane 23. og 30. oktober kl 19.00.**

Tema: Nådegåvene. Det blir høve til å kjøpa kurshefte til kr 50,-.
Kveldsmat.

2. "Musikalsk" bibeltime v/Ole Abel Sveen **søndag 10. februar 2008 kl 18.00.**

Hellesøy og Betlehem musikklag vil ta del.

Vi vonar desse arrangementa kan vera med å samla bedehus- og kyrkjeforsamlingane i nord og sør til felles inspirasjon og kveik.



Formannskapet i Øygarden dei neste fire åra:

Frå venstre:

Merethe Refvik (TVØ), Olav Martin Vik (TVØ) ordførar; Otto Harketstad (AP) varaordførar; Aud Karin Oen (SV) 1. vara for AP/SV, Villie Petro Nygård (FrP).

Liv Edel Mikkelsen er også fast representant for AP men var ikkje til stades då biletet vart teke.

Til innbyggjarane i Øygarden

Kommunevalet er over. 23 folkevalde har teke sete i kommunestyret, kvinner og menn som skal styra Øygarden dei neste 4 åra. Dette er dykkar ombodskvinner og ombodsmenn. Dei har teke på seg eit viktig og krevjande verv.

Øygarden kommune er ein vekstkommune. De som innbyggjarar set krav til tenestene frå kommunen. Forventningane er mange, både til kvalitet og pengebruk. Mange viktige avgjerder skal takast dei kommande åra når det gjeld tenester og bygging av kommunale anlegg. Me som folkevalde veit om dette, men me veit også at me vert nøydde å ta upopulære avgjerder. Slik er det når ein skal styra ei stor verksemd, som ein kommune er.

Vår viktigaste ressurs er våre tilsette. Utan dei vert ikkje vedtak effektuert og tenestene ytt. Som politikarar har me arbeidsgjevaransvaret. Det skal og takast alvorleg.

Så langt me evnar vil me føre ein politikk som er til det beste våre innbyggjarar og tilsette. Om 4 år kan resultatet vurderast på nytt. Då er det du som innbyggjar og veljar som bestemmer.

På vegne av politikarane i Øygarden takkar eg for tilliten.



Med helsing
Olav Martin Vik
Ordførar

Kommunestyret i Øygarden 2007

Tverrpolitisk valliste for Øygarden, TVØ

Olav Martin Vik
Rune Haugetun
Børge Haugetun
Gisle Kårbø Rong
Mons-Arle Toft
Kjetil Rong
Merethe Refvik
Silvia Haugland
Inger Helene Dalen
Steinar Eide

Det norske Arbeidarparti

Otto Harketstad
Liv Edel Mikkelsen
Svanhild J. Oen Torsvik
Hallgeir Skøien Varsi
Espen Stølsnes Harketstad
Roald Svellingen
Henrik Hellesøy

Kristeleg Folkeparti

Therese Hellesøy Strand

Borgarleg Fellesliste

Audun Sæle

Sosialistisk Venstreparti

Aud Karin Oen

Framstegspartiet

Villie Petro Nygård
Mette Skaar Østgulen
Erik Skaar Pettersen

Ola Hovdens Legat

Etter statuttane er det ungdom frå tidlegare Hjelme kommune som har høve til å søkja støtte til høgre utdanning. (Frå og med Skjold, til og med Nordøysund)

Søknadsskjema kan du få ved å venda deg til Øygarden kommune v/Sørviskontoret, eller på kommunen si nettside under ”søknadsskjema” (www.oygarden.kommune.no)

Søknadsfrist er 31. oktober 2007
- styret -

Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 50 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.



Stort utval i plantar og potter



Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

Leir for 3.-4. klasse på Skjergardsheimen



Siste helga i september var det 3.- 4. klasse-leir på Skjergardsheimen! 34 born frå heile kommunen var samla, saman med ein flott gjeng på elleve leiarar. Mange av borna var på leir for fyrste gong, noko som gjorde leiren ekstra spanande. På leiren hadde me bibeltime der me fekk høyra at Gud elsker oss alle. Me hadde også mykje leik og moro, mellom anna fotballkamp og leirkveld. På søndagen avslutta me leiren i Hjelme kyrkje, der alle var med og gjekk i prosesjon inn, før me framførte ein nylært song, "Livsglede", framføre heile kyrkjelyden.



Teamet takkar for ein flott leir!

Hei og H.

Namnet mitt er Rune Kvilhaugsvik, er 21 år, og bur på Søre Bildøy i lag med kona mi, Marte. Eg er tilsett i ein 40 % stilling som barne- og ungdomsarbeidar i NLM, og vil ha arbeidet mitt i Øygarden. Der kjem eg til å jobba saman med team-jentene, og dei andre på kyrkjekontoret. Mykje av arbeidet mitt vil vere leirar på Skjergardsheimen og å reise rundt og besøke ulike barnelag. Eg kjem også til å vere med ein del i konfirmantundervisninga. Det kjem til å bli ei spennande tid framover. Mange nye utfordringar, nye menneske og nye stader. Synest det er flott at eg skal få arbeide inn mot barn og ungdommar, ei aldersgruppe eg trivst godt med.



Eg veit at Gud har ein plan for arbeidet mitt i Øygarden, og eg gler meg til å sjå kva han vil gjera. Håpar eg treff på dykk ein gong, då er det berre å ta kontakt, så tek eg gjerne ein prat. ☺ Vi snakkast...

”Ettervisitas”

Biskopen signaliserte allereie under visitasen i fjor at han ønskte å koma attende på ”ettervisitas”.

Det vart kalla inn til møte 18. september der både biskop og prost møtte staben ved kyrkjekontoret, saman med medlemmane i sokneråda.

Samtalen dreia seg i hovudsak rundt følgjande punkt:

- Den nye prøveliturgien ”Den store lovsongen”
- Forhalingstanken. Kor står vi? Kor går vi?
- Diakoniplanen for Øygarden prestegjeld

Vi fekk ein konstruktiv samtale der fleire synspunkt vart drøfta.

Ei hjarteleg takk til biskop og prost som gav oss dette høve til å samtala om desse sentrale punkta for Øygarden prestegjeld!



Kveldsbibelkurs på Blom bedehus
v/ Audun Hjelvik kl. 19:00-21:00 inkl. matøkt,
desse torsdagane:
25.okt, 1.nov, 8.nov, 15.nov

Brev frå Inger Marie Blom i Cochabamba i Bolivia

Club de Señoritas og Café Lutherano



Tre glade gutar i 1.klasse ved J.M.

Det er onsdags morgon på skulen Jesus Maestro, som ligg i utkanten av byen Cochabamba i Bolivia. Sergio kjem bort til meg for å få bekrefte at det skal vere barneklubb klokka fire i ettermiddag. "Og Mie, berre så du veit det, så er det eg som har invitert med meg Kristian og Marco! Sant eg får ekstra poeng då?" spør han ivrig. Jo det stemmer det. Tre poeng får han for kvar venn han tek med seg og eitt poeng for oppmøte. Når klokka slår fire står ungane ivrige og ventar på oss i porten på skulen og spør spente kva me skal gjere i deg. Kvar onsdag samlast me til barneklubb på skulens fotballbane. Der det fyrst er lek og idrett som står på programmet, før ein andakt, litt sang og brus.

Jesus Maestro er ein Norad-støtta skule som Misjonssambandet har vore med å starta opp. Kyrkja, som held til i skulens teater, er også difor ein viktig del av skulen. Som frivillig her på Jesus Maestro, både på skulen og i kyrkja, er barneklubben ei av oppgavene våre (eg er her saman med Britt Lene R. Thoresen). På timeplanen står også jenteklubb og ungdomsklubb. På club de señoritas, jenteklubben, er det handarbeid og hobbyaktivitetar som står på programmet. Og sjølv sagt eit ord frå bibelen og eit par songar. For tida syr me babykle av gamle gensarar og t-skjorter. Jentene er kreative og flinke, og praten går lett innimellom synga. Det er fyrste gongen nokon av jentene kjem i kyrkja. Og no har dei også komt både på ungdomsklubben og på møtene. Tenk for ein moglegheit til å så eit lite ord om Jesus i hjarta deira!

På ungdomsklubben har me også begynt med noko nytt, nemleg "Café Lutherano". Ein gong i månaden går ei gruppe av



Tre 1.klassingar ved Jesus Maestro

ungdommane saman og lager kaker, gele, kaffi og anna mat som dei sel på caféen. Ideen er å lettare kunne invitere venar med seg i kyrkja og å ha eit alternativ til festing eller det å henge på gata ein laurdagskveld. Og ungdommane kjem! Gjennom bakgrunnsmusikken kan ein høre munter prat, latter, gitarspel og diskusjonar om nokon har juksa i UNO eller ikkje. Ungdommane kosar seg saman både på ungdomsklubben og på "Café Lutherano".

Utan om aktivitetane i kyrkja er eg ekstrahjelp i fyrste klasse og i musikk fire dagar i veka. Det er ikkje alltid like lett å lære ein fyrsteklassing å skrive og lese, når det er lite støtte heime frå. Mange av barna er forlata av foreldra sine, som har reist for å jobbe andre stader, ofte heilt til Spania. Barna blir buande hos besteforeldre, tanter eller onklar, som gjerne ikkje tek så godt vare på dei som ei mor ville gjort. Mor eller bestemor kan



Eg(Inger Marie) saman med nokre av elevane i 1.klasse



Café Lutherano

gjerne ikkje ein gong lese eller skrive. Det seier seg sjølv at ein analfabet ikkje vil kunne hjelpe barnet sitt med lekser. Andre foreldre er ikkje ein gong interessert i at ungane deira skal gå på skule, og sender dei gjerne for å arbeide heile ettermiddagane. Det er ein svært spanande arbeidsplass, der ein møter barn med svært ulike bakgrunnar og familieforhold i heimen. Barn som gjerne treng litt ekstra hjelp, støtte og kjærleik frå skulen og læraren.

"Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje; for Guds rike høyrer slike til." Mark.10:14

Helsingar frå borna og ungdommane på Jesus Maestro og Inger Marie Blom

**Kjøp kjapt,
trygt
og billig**

KIMI mini
pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Opent man.-fred. til kl. 21.00

Lørdager til kl. 20.00.

**Din totalleverandør
i Øygarden**

 ØYGARDEN
BYGGSENTER

 TH
BHAS BYGG

 ØYGARDEN
BOLIGUTVIKLING

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09

Adr. Påluneset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personer.

Kan levere mat til alle

Arrangerer byllaup,

anledningar.

konfirmasjonar og andre
tilstellingar.

Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380

Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Mobil: 90 59 90 59

BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP

Teatergt. 20, 5010 Bergen

Tlf. 55 21 44 50

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER



K.H. Polden
Tlf. 56 33 45 88



Tom Wilson
Tlf. 55 18 50 80

Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.



Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på

tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Sotra Omegn

BEGRAVELSEBYRÅ

En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



Vandring i nydeleg landskap gjennom Galicia

På pilegrimstur til Santiago de Compostela

I Noreg har vi ikkje hatt noko utbredt tradisjon for pilegrimsvandring dei siste hundreåra etter reformasjonen, men no er dette i ferd med å endrast. Først med 1000-årsjubileet for Trondheim i 1997 blei det for alvor blåse nytt liv i pilegrimsvandringa til Nidaros.

Tekst og bilete: Odd N. Thormodsæter

Dette har ført til at også andre pilegrimsmål er komne på kartet også for nordmenn. Eitt av desse måla fekk eg gleda av å oppleve i haustferien. I løpet av sju dagar fekk eg vandra gjennom den siste delen av pilegrimsleia – Caminoen - til Santiago de Compostela, ein samanhengande strekning på 156 km. I 1987 var det berre om lag 3000 som vandra denne vegen. På berre nokre få år etter år 2000 er pilegrimstala her komne opp i over 200 000 på årsbasis, så eg gjekk slett ikkje åleine i dette landskapet! Unge og eldre, maratonløparar og vanlege mosjonistar side om side på Caminoen mot det same målet: Katedralen i Santiago de Compostela der ein m.a. finn apostelen Jakob si grav. På vandringa fekk eg bytta ut dagens travle klokke-jag med fred og ro, fuglesong og kumøkk! Det var også interessant å koma i kontakt med menneske frå andre kulturar enn vår eigen, ein rikdom i seg sjølv. Landskapet i Galicia er utruleg flott å vandra gjennom. Naturopplevingane står i kø kvar einaste dag!

For deg som likar å gå, er dette verkeleg ei stor oppleving, trass i at dei fleste av oss får

ømme musklar og vassblemmer. Difor seier eg berre: Buen Camino! (God pilegrimsveg)

Litteratur:
Carole Lindsell: Pilgrimsleden til Santiago de Compostela
Jan Petter Engvig: Vandring i åpent landskap. Pilegrimsveien til Santiago de Compostela.



Endelig framme ved katedralen etter å ha vandra 156 km.



Monte de Gozo, "Gledesfjellet" med utsikt over Santiago de Compostela



Ved høgmessa søndag 7. oktober tok i alt 10 prestar del.

Takk, takk øygardsfolk !



med prosjektet økonomisk enno, så misjonen tek med takk imot gåver frå andre som også vil vera med å gi økonomisk hjelp til opprusting av fiskarheimen på Røst.

Mange i Øygarden er i brev og på anna måte gjort kjende med at Den Indre Sjømannsmisjon har bruk for midlar til å gjera ferdig fiskarheimen på Røst. Tilbakemeldinga har vore svært positiv. Det har kome inn mange gåver, både store og små beløp. Til saman er det blitt eit stort bidrag som kan gjera det mogleg å starta opp arbeidet alt i inneværande år. For oss som sette i gong innsamling til dette prosjektet, har det vore ei stor oppmuntring at mange øygardsfolk framleis ser misjons- og velferdsarbeid blandt kystfiskarane som viktig. Takk til alle som har vore med. Me har ikkje kome i mål

Ingolf Solsvik og Gerhard Vik

På Blomvåg kyrkjegard er det funne to par briller. Eigarane kan ta kontakt med kyrkjekontoret for å få dei attende.



Vi tilbyr ferdige middagsretter og nystekte bakervarer



RONGEBUA

- Stor jernvare
- Interiørvareavdeling

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

Mange flotte nyheter!

Mand-fred 10-18
Lørd 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99



RONG SENTER

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



RONG SENTER

Egne priser for pensjonistar
Langøpe tirsdag og torsdag.

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat



Telefon 56 38 74 54

Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

Bli brun selv om det regner

Ønsker du å leie sol hjem?

Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt levert Sotra og Øygarden

Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

BPS

Solutleie v/Arvid Rong
56 38 74 54 / 56 38 73 22

i.d.

MAKEUP BASERT PÅ RENE
MINERALER FRA NATUREN
så ren at du kan sove med den



Startkit!
kr.598,-
(Verdi kr. 872,-)

Linjer, rynker og urenheter blir mindre synlig fordi pulveret bryter lysets stråler

i.d. foundations med naturlig UV-beskyttelse SPF15

Velkommen til oss:

**ØYGARDEN HUD
& KROPPSPLEIE**

Rong senter • 56 38 95 15
Påskeferie 30/3 t.o.m. 9/4



- Stort utval av godbiter frå vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiavtalen
- Gass



Bilverksted
**BLOM
SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

**Øygarden
elektriske as**
aut. elektroinstallatør

Tlf. 56 38 94 24
Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no



TORSVIK

ELEKTRISKE AS
Torsteinsvik - 5337 RONG

ansvarlig installatør
Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolantenn
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no



**Harkestad
Betong AS**

Utsalg på Straume
Tlf. 56 33 00 70

Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ



**Malvin
Harkestad
& Sønner AS**

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

GUDSTENESTER

- 28.okt Hjelme kyrkje kl. 11:00** Bots-og bededags-gudsteneste v/Otto Høvik. Nattverd
- 04.nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Song av Øygarden gospel. Dåp. Nattverd
- 11.nov Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/Otto Høvik. Song av Øygarden barnekantori. Dåp. Nattverd.
- 18.nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste v/ Svenn Martinsen. 6-7 klasse leiren deltek. Song av Jubelkoret. Tale v/ Heitman frå Åpne dører. Dåp
- 25.nov Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 02.des Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/Svenn Martinsen. Dåp. Nattverd
- 09. des Hjelme kyrkje kl. 11.00.** Familiemesse v/Svenn Martinsen. Dåp. Nattverd.

TIL LUKKE

70 år

- 04.nov Hans Storedale, Hellesøy
- 05.nov Rakel Marie Torsvik, Torsvik
- 28.nov Lilly Maria Ådlandsvik, Rong
- 03.des Inga Reidun Hatten, Hatten
- 06.des Marie Pernille Skarveland, Toft
27. okt Torbjørg Helle, Harkestad
28. okt Norunn Dagnhild Landro, Vik

75 år:

- 05.des Arthur Einar Knarvik, Knarvik

80 år:

- 25 okt: Bjarne Hjalmar Sæle, Nordre Sæle

KAFFEKROKEN



Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Døypte:

Blomvåg:

Trym Spjeld Misje, Veslevarden
Nicholas Sævdal Hellesund, Bakken
Fredrik Martin Oen Hellesund, Rossnes
Julian Vatnvåg-Fjeldstad, Rossnes
Sebastian Johan Isdahl, Torsvik (Nykirken)
Johanne Vik, Godvik
Emil Drange Torsvik, Veslevarden
Adrian Yanson Fjeldstad, Oen

Hjelme:

Emilie Torsvik Hellesund, Torsvik
Angelina Tornøe, Nautnes

Vigde:

Blomvåg:

Turid Elin Vetås og Sigfred Flåten, Blomvåg

Døde:

Blomvåg

Jarle Askeland, Rong f.1965
Olga Lorentse Mikkelsen, Knarvik f. 1926
Alv Magnus Breivik, Arendal f.1921
Nelly Marie Oen, Tednebakkane f. 1921

Hjelme:

Knut Alvheim, Tednebakkane f.1921 (Herdla kyrkje)
Ingebrigt Georg Solvang, Nautnes f. 1914
Jan Ingvald Hjelme, Hjelme f. 1922



5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER:
MAND.-TORSD. 900-1700
FRED. 900-1900
LØRD. 900-1500

Velkommen innom lokalbutikken

På gamle tufter på Herdla



Reidar Bøe, skipper på DS Oster.

Tekst og bilete: Odd N. Thormodsæter

I samband med Kystsogevekene vart det arrangert ein eigen Herdla-dag, søndag 2. september.

DS Oster gjekk i rute frå Bergen via Ådlandsvik, Vikebø og Oen til Herdla. Frå Ovågen var det nærare 30 personar som nytta høve til å følgja sjøvegen i regnbyer og frisk norvest bris over Hjeltefjorden. Totalt ver det 90 personar som følgde båten på denne kyrkje-reisa.

Lukta av dampmaskin blanda seg med lukt frå nysteikte vaflar og betasuppe og skapte ein god nostalgisk stemning ombord.

Det var folk frå gamle Herdla prestegjeld som var invitert denne dagen. Og folk strøymde til frå både Askøy, Meland og Øygarden.

I gudstenesta tok sokneprestane Øystein Skauge (Askøy), Sverre Langeland (Meland) og Svenn Martinsen (Øygarden) del.

Etter gudstenesta var det gamaldags marknad på kaien. Her vart det også skipa til ro-konkurranse mellom dei tre prestegjelda. Ikkje for å skryta, men Øygarden vann suverent. (Grunnen var nok kanskje at Øygarden hadde to menn ved årane, medan dei andre to hadde blanda lag).



"Oen-benken" i Herdla kyrkje



Klar for rokonkurranse



Vinarlaget. Foto: Askøyværingen.